

Kommunevalet

99



i

Naustdal



Folkemakt mot kapitalmakt

- RV sitt motto er: "Med folk - mot makta" Dette er bakgrunnen for at vi skil oss klart frå dei andre partia sin måte å drive politisk arbeid på.
- Vi stiller ikkje til val for at du passivt skal stemme på oss og ferdig med det. Talarstolen i kommunestyret vil vi bruke for deg og dei sakene du vil vi skal ta opp, Vi treng aktive veljarar for at vi skal kunne gjere ein god jobb. Vår jobb er å bryte veg for nye idear og perspektiv, noko som trengst i kommunepolitikken i Naustdal.
- RV treng om lag 50 – 60 stemmer for å komme inn i kommunestyret. Svært mange ynskjer oss inn og fører RV-arar opp på den lista dei legg i valurna. Men dette har lite å seie for valresultatet.

Difor: Vil du ha RV inn i kommunestyret? Bruk RV-lista!



Fattige kommunar

Kommunane har dårleg økonomi. Dette er ein medviten politikk frå staten si side. For nokre år sidan vart systemet med rammeløyvingar innført. Kommunepolitikarar flest – med unntak av RV - var då for dette. I dag ser vi resultatet. Staten legg på kommunane oppgåver, men kommunane får ikkje nok midlar til å kunne klare desse oppgåvene. Kommunepolitikarane og – byråkratane prøver å få budsjetta i hop blant anna ved å legge på dei kommunale avgiftene. Dei veltar bøkene over på folk flest.

Det er sløsing med ressursar å bygge endå fleire nye handelshus i Førde, medan skulane forfell og ungene manglar lærebøker. RV vil satse på skulen og ungdommen også etter valet.

Pengane finst

Staten er søkkrik. Oljefondet er på over 200 milliardar og aukar stadig. Utarminga av det offentlege er ikkje einaste løysinga. RV går og inn for omfordeling frå det private til det offentlege.

Utfordringar i Naustdal

Naustdal kommune har vedteke å selje aksjar i Sunnfjord energi for å kunne byggje skule/idrettshall. RV går mot å selje det ein skal leve av i framtida, bit for bit. Men dei fleste politikarane i Naustdal godtek den

offentlege utarminga utan særlege protestar.

Avgiftene til barnehage, helse-tenester, renovasjon, vatn og kloakk har auka sterkt år for år utan at tenestene er blitt betre. Folk betaler meir, men får ikkje meir att.

Det kommunale vassverket er uferdig, og kvaliteten på vatnet er til tider under all kritikk. Vedlikehaldet på dei kommunale vegane er svært dårleg. Naustdal har heller ikkje midlar til bygging, drift og vedlikehald av skular og kulturen går på sparebluss.

Folkeleg opprør

I 1998 utgjorde det offentlege forbruket i Noreg 46,7 % av bruttonasjonalproduktet. Dette er om lag 10 % mindre enn for 10 – 15 år sidan.

Mot denne politikken trengst det no eit kommunalt og folkeleg opprør. Vi **må** alle ved dette valet seie klart i frå om at dette vil vi ikkje finn oss i lenger



Skal Vevring ofrast på storkapitalen sitt alter?

- RV var mot og åtvara mot Fjordblokk sin aktivitet på Engebø, på grunn av konsekvensane dette kunne få. Fjordblokk prøver no å få til ei gjeldssanering for ikkje å verte slegne konkurs. Den storstila aktiviteten og den økonomiske vinsten som vart lova, har det ikkje vorte noko av. Resultatet er eit rasert Engebø, der det til tider har vore vanskeleg for folk og dyr å opphalde seg.
- Vi ynskjer ikkje at noko liknande skal skje for heile Vevring, og går difor mot Conoco sine planer om ei storstila bergverksdrift i Engebøfjellet.
- I dei planane som no ligg føre, vert ulempene for miljøet for store. Det vil gå hardt utover busetnaden og landbruket. I tillegg ynskjer Conoco å dumpe 6,8 millionar tonn finmalen masse i fjorden kvart år så lenge drifta pågår
- Dette prosjektet er eit klassisk eksempel på reindyrka kapitalisme, der marknadskreftene rår og andre verdiar ikkje vert tekne med eller verdsette.
- Når eit fleirnasjonalt selskap som Conoco først har fått innpass, er det lite hjelp i kva innbyggjarane i Vevring eller kommunestyret i Naustdal måtte meine.
- RV ynskjer auka busetting i Vevring.

Dessutan meiner vi -

- RV er for varig vern av Nausta.
- RV er imot kommunesamanslåing. Dette vil føre til generelt mindre demokrati og lengre veg til makta, der viktige avgjerdslar vert tekne.
- RV støttar utbygginga av sentrumskulen og stiller seg også positiv til storhall dersom ikkje drifta av denne går utover andre viktige kommunale tiltak, som til dømes eldreomsorg og skuletilbod.
- RV vil gå inn for å halde oppe alle grendeskulane.
- RV er for fleire kommunale tiltak for uorganisert ungdom. Ungdom som ikkje er med i idrettslaget og skulemusikken har lite å ta seg til, og mange vert difor "rekande" inne i Førde. Det må gjevast eit tilbod til dei i heimbygda, som til dømes eit lokale der ungdommen kan dyrke ulike aktivitetar.
- RV støttar opp om prosjektet "Slepp oss til – ungdom inn i landbruket". Dette er eit samarbeid mellom Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Natur og Ungdom og Noregs Bygdeungdomslag. Vi vil arbeide for at Naustdal kommune skal kartleggje omfanget av tomme bruk og kontaktar eigarane for å finne ut om dei er villige til å selje eller leige ut til folk som vil bu på garden og drive han.

Vil du ha endring?

Bruk RV-lista i år!

Magnar Falkenstein
Nina Areklett Bergum
Annie Louise Mathisen
Rune Bergum
Kirsti Solheim Stegane
Arne Reidar Underlid
Joar Stegane
Mari Jeanette Areklett
Marit Slettevold
Einar Tefre
Wenche Helen Wefring
Ove Helge Apalseth
Laila Alise Breivik
Johanna Krämer
Grete Bjørndal



i

Naustdal

**Med folk - mot
makta**